

Fråsegn frå Odda-Tyssedal Pensjonistforening (OTPF) Odda sjukehus si framtid.

Eit fungerande Odda sjukehus er ein av bærebjelkane i vår region og eit dei fundamenta lokalsamfunn og regionen treng for å ha framtida framfor seg og ikkje bak seg.

I ROS-analysen om Odda kommune kjem ein ut med **høgast alvorleggrad på store trafikkulukker, fare for eksplosjonsulukker og naturkatastrofar. Heile opptaksområdet er særleg utsett for naturkatastrofar og trafikkulykker.**

Området er prega av å vera særleg overrepresentert med omsyn til stengde vegar. Som det går fram av prosjektarbeidet er det få - om nokon - sjukehus som har så krevjande utfordringar med manglande flyvør og stengde/rasfarlege vegar.

Etter ROS- analysen har det vore fleire alvorlege tilfelle med flaum og ras etter uvanleg store nedbørsmengder.

Eit operativt Odda sjukhus representerer eit viktig mental faktor for dei fastbuande, men og for tilreisande (som på årsbasis ser svært mange): Berre Trolltunga nærmar seg 90.000 i årleg besøk, og Seljestad / Røldal er endå større i samla vinterbesøk.

Odda sjukehus har og særskilt utfordringar med lang veg næraste sjukehus, rasproblematikk i særklasse og flaumutsette vegar, elektrokjemisk- og elektrometallurgisk storindustri, raskt veksande naturbasert turisme i tøft terreng og E134 som hovudtrasè aust-vest med særskilte vinterutfordringar.

Dette er alle viktige grunnar for at Odda sjukehus må ha fullverdig beredskap.

Andre stader har ein kortare fråstand til alternative sjukehus og mindre vegproblematikk enn ved Odda sjukehus.

Beredskapen i Odda er i dag tilpassa, føreseieleg og robust.

Den kirurgiske vaktordninga fungerer og er attraktiv for kirurgane.

Tek ein bort den kirurgiske akuttberedskapen vil andre tilbod ved sjukehuset forvitra.

Turnusteneste for legestudentar vil ikkje verta godkjent. Anestesi og kirurgisk kompetanse vil forsvinna. Medisinske overlegar og anestesilegar er klar i sin tale. Dei tek ikkje sjansen på å arbeida ved Odda sjukehus utan kirurg på vakt.

Med 3,75 årsverk kirurgi og godt team fungerer «Oddamodellen/Hardangermodellen» godt. Odda eldreråd er overtydde om at det vil den gjera i mange år frametter.

Det føreligg ikkje konkrete samferdselsprosjekt som betrar den trafikale kontakten me andre sjukehus. I nasjonal transportplan ligg det heller ingen slike prosjekt inne i planperioden- som går til år 2029.

I haust har akuttkirurgien i Odda har redda tre liv. Ordninga vi har i dag er vel verdt å sikra.

Odda eldreråd trur og meiner at fleire menneske vil døy i vårt opptaksområde om akuttkirurgisk beredskap vert nedlagt ved Odda sjukehus.

Sei ja til Odda sjukehus !

Gunvor Riim Opedal
Leiar Odda-Tyssedal Pensjonistforening
Odda 14.02.2017

Venleg helsing
For
Odda Eldreråd

Ola T. Sekse
Leiar